



## Revidering av retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond

### Masfjorden kommune



DIREKTORATET FOR VILT OG FERSKVANNSFISK  
VEDTEKTER VEDRØRANDE MIDLAR AVSATT TIL OPPHJELP AV FISKET I MASFJORDEN KOMMUNE I  
SAMBAND MED LØYVE TIL UTBYGGING AV MATRE OG HAUGSDALSVASSDRAGET.

Med heimel i Kgl.res. av 8. februar 1980 pkt. 18 III , har Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk den 4. juli 1985 godkjend følgjande vedtekter for bruken av det årlege beløp til opphjelp av fisket på kr. 10.000,- som er sett av til Masfjorden kommune i samband med utbygginga av Matre og Haugsdalsvassdraget.

#### § 1 Føremål.

Fondet skal nyttast til tiltak som kan fremja innlandsfisket i Masfjorden kommune etter kommunestyrets bestemmelsar. Innafor denne ramma kan midlane nyttast til :

- a) Bygging av fisketrapper, terskler, klekkeri, settefiskdamar o.a. som lekk i kultiveringsarbeid for opphjelp av fisk.
- b) Innkjøp av rogn, yngel og settefisk med sikte på utsetting i vatn og vassdrag der det er trong for ny eller meir fisk.
- c) Dekking av utgifter i samband med utfisking av altfor tette bestandar, transport av levande fisk til ny lokalitet og lignende
- d) Tilskot til driftsplanlegging der det vert nytta leigd fagleg hjelp eller til dekning av andre kostnader i samband med slikt planarbeid.1 Fiskefond - Heimel, kapital og avkastning.

#### § 2 Rekneskap

Rekneskapen for fondet vert førd av kommunekasseraren etter gjeldande føresegner. Kvart år skal det leggjast fram ei kort melding om fondet si verksemd til TU og Kommunestyret.

#### § 3 Avkastning

Fiskefondet vert tilført midlar årleg frå BKK mot slutten av året. Opphavleg sum kr. 10.000 vert indeksregulert kvar 5 år, og utgjør no om lag kr. 30.000,-.

#### § 4 Målgruppe

Målgruppa for ordninga er private, private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarlag og andre som driv fiskekulturarbeid

### **§ 5 Søknad.**

Fiskefondet tildeler midlar ut i frå søknadsfristar med hhv. 15.april og 15.september  
Forutsetning for å få tilskot er at ålmenta har høve/tilgang til fiske.

Søknaden skal vere skriftleg og må minst innehalde:

- ei utgreiing om tiltaket,
- kostnadsoverslag
- finansiering,
- kartfesting
- foto.
- Kontaktperson for tiltaket.

### **§6 Tilskot**

Fondet sin ytingar er tilskot. Det vert ikkje gjeve lån. Tiltaket kan etter søknad få maks 50% tilskot av kostnadsoverslaget.

### **§ 7 Administrasjon og forvaltning.**

Fiskefondet vert handsama av rådmannen med framlegging av sak til TU for sum inntil 100.000,-, for søknader og tilskot over denne summen (100.000,-), skal TU gi innstilling og formannskapet fatta vedtak.

### **§8 Utbetalingar.**

Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75% når tilsvarande del av tiltaket er fullført. Dei siste 25% vert utbetalt når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport, ferdigattast m.m.) Ved andre løyvingar skal krav for utbetaling gå fram av vedtaket.

### **§9 Klagerett.**

Avslag på søknader kan klagast inn for formannskapet. Reglane i Forvaltningslova kap.VI gjeld for klage og endring av vedtak.

*Godkjent av kommunestyret for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond i Masfjorden kommune dagsett 18.11.2016*